



Informasjon til deltakarar på småbarnsymjing

Småbarnssymjing er ein fantastisk aktivitet som gir glede og utvikling for både barn og føresette. Det at barnet er saman med ein eller begge foreldra i vatnet, skaper ein trygg og nær ramme for aktiviteten. Når aktiviteten vert lagt opp på barnas premissar, får barnet høve til å utforske vatnet i sitt eige tempo.

Ved å legge til rette for positiv vasstilvenning skapar vi grunnlaget for meistring, tryggleik og trivsel. Barns naturlege nysgjerrigheit og glede over leik gjer vatnet til ein perfekt arena for å kunne utfalde seg.

Vasstilvande barn har ofte eit fortrinn når dei seinare skal lære å symje, fordi dei allereie har utvikla sjølvtrillit og glede ved å vere i vatnet. I tillegg gir aktivitetar i vatn ein unik rørslefridom som styrkjer barnets motoriske ferdigheiter og bidreg til sosial utvikling.

Praktisk informasjon

Tidspunkt

Når du har meldt deg på småbarnsymjing finn du oppsette tidspunkt ved å logge inn på "Min side" på www.tryggivann.no. Vi følgjer skulekalenderen, og det er ikkje småbarnsymjing i skuleferiane. Alle oppdaterte datoar ligg på tryggivann.no. Her har du også oversikt over delmåla for det aktuelle nivået barnet er på og eventuelle kommentarar frå instruktørar.

Det er viktig at du ikkje huker av for ``ikkje motta massemailar`` då det fører til at du ikkje vil motta informasjon frå oss på mail.

Småbarnsymjing foregår i opplæringsbassenget, det er 90 cm på det grunnaste og 1.6m på det djupaste og vil holde mellom 32 og 34 grader. Kurset går over 8 veker og varer i 30 minuttar kvar gong.

VTI-symjing har eigne armband for å kome seg inn i symjehallen og som kan nyttast for å låse skap i garderobane. Deltakarar på kurs må kjøpe desse. Dei kostar 150kr. Ein treng berre eit armband per familie, ønske ein fleire kan ein kjøpe det. Betaling for armband gjer ein gjennom **vipps** ved utdeling av band.

Det vil vere mogleg å hente ut armband i opningstidene til Voldabadet
<https://www.volda.kommune.no/voldabadet/opningstider/> . Armbandet vil vere registrert





VTI-SYMJING

på den som meldte barnet på kurs inne på www.tryggivann.no. HUSK Å HENT BAND FØR OPPSTART SVØMMEKURS 😊

Kva treng kursdeltakar

- Badebukse/badedrakt. Alle barn må bruke tett sitjande badetøy.
- Badebleie og tett bleiebadebukse for dei som treng det.
- Handkle: Eit stort handkle for å halde barnet varmt etter bading, evt badekåpe.

Reglar for hygiene og tryggleik

Det fins to damegarderober og to herregarderober. Det vil ikkje alltid vere ope i alle garderoberne pga reinhald). Det er i tillegg familie-/HC/-kjønnsnøytral garderobe.

- Alle må setje skoa frå seg i gangen før ein går inn i garderoberne.
- Det er ikkje tillatt med mat i badeanlegget, men drikkeflaske går bra. Det er og vassfontene i hallen ein kan nytte.
- Møt ferdig skifta til symjeopplæringa byrjar. Dersom kurset som går før ikkje er ferdig, ventar ein utanfor bassenget.
- Hugs alltid toalettbesøk før ein skal på kurs. Grundig såpevask av hår, under armar, skrittet før ein går inn i symjehallen. Dette for å unngå unødig klorbruk.
- Det skal alltid vere ein vaksen i bassenget saman med barnet.

Forberedelsar heime

Det er viktig at barnet ikkje er trøtt eller svolten når dei skal på småbarnsymjing. Vi anbefalar at ein barna får mat ca ein time før dei skal i bassenget.

Føresette

Eit barn kan ha med seg maks to vaksne på kurs. Dette betyr at begge foreldra er velkomne til å delta aktivt i bassenget saman med barnet. Dersom foreldra ikkje har anledning til å vere med, kan andre nære slektningar, som besteforeldre, tanter, onklar, eller ein ven steppe inn i deira stad. Det viktigaste er at barnet har tryggleikspersonar til stades i vatnet.

Foreldra eller dei vaksne som er med barnet, har ansvaret for barnet under heile kurset. Kurshaldaren si rolle er å veilede og instruere i ulike leikar og øvelsar.

Flisene i badehallen kan vere glatte. Det er difor viktig at føresette passar på at barna ikkje spring på bassengkanten. Om ønskjeleg, kan ein vurdere å kjøpe antiskli-sokkar til barnet.

Vi nyttar ikkje flyteelement som armringar eller liknande under småbarnssymjing. Dette for at barnet skal lære å kjenne sin eigen flyteevne i vatnet. Foreldra si rolle som støttespelar er viktig i denne læringsprosessen.

Er det barn med særskilte behov eller diagnosar, bed vi om at dette vert meldt oss så tidleg som råd før kursstart på mail.





VTI-SYMJING

Om barnet er sjuk

Barn som har diare, smittsamme barnesjukdommar, augekatarr eller lignande skal ikkje symje. Ved øyrebetannelse følg legens råd, det er alltid legens råd som er styrande ved sjukdom.

Pass også på at barnet ikkje har opne sår når dei går i bassenget.

Nivåa i Småbarnsymjing

Duppe

Fokus på å introdusere barn til vatn gjennom leik og tilvenning, med fokus på trygghet og trivsel. Aktivitetane legg vekt på grunnleggjande vannferdigheiter som å bli komfortabel med å ha ansiktet i vatne, flyte, gli og dykke. Gjennom leikbetonte øvelsar er målet at barna skal utvikle trygghet i vatn og lære å meistre enkle bevegelser uten eller med minimal støtte. Hovudmålet er å gjere barna trygge i vatne, ha det gøy og skape meistringsfølelse.

Elias

Fokus på å vidareutvikle grunnleggjande vannferdigheter saman med ein føreset. Målet er å styrke barnas trygghet i vatn ved å øve på ferdigheter som å flyte avslappa på mage og rygg, rotere mellom rygg og mage, dykke under vatn, fråspark fra kanten i strak kroppsstilling, sittestup med glidning, samt hoppe eller stupe uti, flyte opp og kome seg til kanten. Desse aktivitetane legg et solid grunnlag for vidare symjepplæring og økar barnas sjøvlstendighet og meistringsfølelse i vatn.

Medlemskap i klubben

For å delta på småbarnssvømming i regi av VTI-symjing, må ein vere medlem av klubben. Medlemskap kostar 100kr for dei under 16 år, 200kr for vaksne og familemedlemskap kostar 300kr.

Link til nettside for registrering: <https://medlemskap.nif.no/>

Betaling

Vi har kontinuerlege kurs der ein blir fakturert månadleg. Faktura for kurs blir sendt ut rundt den 30. kvar månad. Pris for småbarnskurs er 720,- per månad (180,- per gang). Prisen er basert på 4 samlingar per månad. Prisen vil derfor kunne variere noko frå ein månad til ein annan ettersom antall samlingar per månad kan variere.

Avmelding

Gi beskjed innan den 20. i inneverande månad dersom du ønske å melde barnet av kurset. Påbegynt månad vert fakturert for heile månad.

Beskjed om avmelding sendast på epost til daglegleiar@vti-symjing.no





VTI-SYMJING

Avlysing eller uforutsette hendingar

Ein kursdag/treningsdag kan bli avlyst av ulike grunnar. Informasjon om dette blir sendt via e-post eller SMS. Det er derfor viktig at kontaktinformasjonen på "Min side" på tryggivann.no er oppdatert.

Fotografering

Det er strengt forbode å ta bilete eller filme under småbarnsymjing og i garderobane for å ivareta personvernet og tryggleiken til deltakarane.

Dette blir kjekt!

Vi håpar alle barn og føresette får ei hyggeleg, utviklande og morosam oppleving med småbarnsymjing. Målet vårt er at alle skal kjenne meistring, tryggleik og glede i vatnet. Dette blir kjekt!

Følg oss på Facebook: [VTI-symjing](https://www.facebook.com/vti-symjing) eller besøk heimesida vår vti-symjing.no for meir informasjon.

Dersom du har spørsmål eller ønskjer meir informasjon, er du alltid velkomen til å kontakte oss på e-post: daglegleiar@vti-symjing.no

Vi ser fram til å hjelpe barnet ditt på vegen til symjedugleik.



Sparebanken
Møre